

Årsmelding 2024

Arna sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Arbeidet i kyrkjelyden

Gudstenesteliv

- Høgmesse
- Temagudsteneste
- Gudsteneste for store og små
- Dåpsgudsteneste
- Gudsteneste med konfirmantdeltaking
- Økumeniske gudstenester
- Gudsteneste med Klubben
- Gudsteneste/andakt på Arna helseheim
- Andakt på dagsenter
- Husfellesskap (livsnære grupper)

Bøn

- Bønnesamling kvar tysdag
- Økumenisk bønnesamling kvar månad

Møtestader

- Babysang
- Sakkeus open barnehage
- Familiekoret
- Livsnære grupper/ Husfellesskap
- Strikkekafé

Trusopplæring

- Tiltak/ tilbud 0-18 år

Kyrkjemusikk

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Prosjektkor
- Forsongarteneste og band
- Konsertar
- Salmefest
- Samarbeid med lokale kor og korps
- Orgelelever

Diakoni/ misjon/ evangelisering

- Open kyrkje, Temakveld, mv.
- Klubben
- Hjartebanken
- Grautlørdag
- Misjonssundagar
- Misjonsprosjekt: NMS og Normisjon
- KN - Fasteaksjonen
- Arna Seniorsenter: styreleiar og styremedlem
- Deltaking på Diakonikonferansen på Haraldsplass

Ressursar

- Medarbeidarar
- Kyrkjebygg, Kyrkjelydshuset, Kyrkjestova, Borgstova, leikeplass
- Kyrkjebladet, heimeside og sosiale medium
- Samarbeid med skular og barnehagar i Arna
- Samarbeid med lag og organisasjonar
- Økonomi
- Strategitenkning
 - Plan for trusopplæring
 - Plan for konfirmantarbeidet
 - Plan for kyrkjemusikk
 - Plan for diakoni



Torill Vik Johannessen
leiar i Arna sokneråd



Marianne W. Fanebust
dagleg leiar

Arbeidet i Arna sokneråd

Det blei ein god start på 2024 med den årlege julefesten for alle, eit godt samarbeid mellom Klubben og soknerådet. Her koste store og små seg med mellom anna loddtrekning, pølser og julepregang.

Det nye soknerådet fekk bli kjent med kvarandre og med staben og tok føre seg blant anna økonomisaker, saker om huset og informasjon om alt det kjekke som går føre seg i kyrkjelyden. Arbeidet med utlysing og tilsetting av sokneprest har vore ei viktig oppgåve i 2024, og i september fekk vi endeleg på plass ein sårt etterlengta sokneprest. Roar Moen blei ordinert 15. september i Arna kyrkje og soknerådet fekk stelle i stand stor kyrkjekaffi etterpå.

Soknerådet hjelpte til på Fasteaksjons-basaren til Kirkens Nødhjelp saman med konfirmantane og var medarrangør for basaren til kyrkjelydshuset saman med husutvalet. Av andre kjekke ting kan nemnast at vi heldt fram med NRK gudstenester, og vi fekk vere med på feiring av Hamre kyrkjestad 1000 år og Ytre Arna kyrkje 125 år. Helsingar og gåver frå kyrkjelyden blei overrekt.

Gjennom 2024 har Arna sokneråd hatt 9 møter og til saman 87 saker.

Ein stor takk til alle dei flotte medlemmene i Arna sokneråd, alle i staben og alle med ulike frivillige oppgåver. Takk for godt samarbeid og for den viktige jobben de gjer. Saman skaper vi meir himmel på jord.

Torill Vik Johannessen, leiar i Arna sokneråd

Gudstenesteliv



Gudstenester

Vi starta nesten året 2024 med presentasjon av våre 78 konfirmantar. Gjennom året har vi hatt varierte og ulike typar gudstenester. I gjennomsnitt har 100 menneske delteke på gudstenestene. Mot eit snitt på 94 i 2023. Det er ei stor glede.

Gjennom året har vi hatt temagudstenester, gudstenester med ei litt anna liturgi og med band i staden for orgel.

NRK-gudstenester har vi òg halde fram med. Då har vi hatt ei moglegheit til å nå ut til fleire enn dei som kjem på gudsteneste. Vi når ut med verdas beste budskap til folk i heile landet og til dei som òg bur i Arna som ikkje har høve til å kome på gudsteneste. Erfaringane vi har og har fått høyre frå andre, er at dette har vore veldig fint og spennande. Kristin Hjertaker hadde sin aller siste gudsteneste hjå oss i Arna 17. mars 2024, på Maria budskapsdag. For å lage slike gudstenester er det eit stort team som er med. Og på vanlege gudstenester er det eit team som er med, og særleg gjennom hausten har vi fått fleire ungdomar med som frivillige på gudstenestene.

Både før og etter at Kristin Hjertaker slutta som sokneprest har gudstenestelivet vore prega av ein del vikarar som har vore innom. Heilt til Roar Moen kom 1. september og vart ordinert 15. september med ei høgtideleg gudsteneste.

Etter ønskje frå kyrkjelyden vart det både julaftangudsteneste på Takvam kapell og nyttårs-gudsteneste i Arna kyrkje i 2024.

Kapellan Gina Marie Reisæter-Thu



Ung Tru

Våren 2024 har vi hatt Ungdomsklubben annakvar tysdag kl. 19-21. Eit tilbod kor dei som kom kunne sosialisere, spele spel, få litt kveldsmat og få med seg ein andakt. Ungdomsklubben har halde på i 7 år med trufaste vaksne leiarar og med eit par ungdomsleiarar.

Før sommaren vart det bestemt at Ungdomsklubben skulle leggest ned, og at vi hausten 2024 skulle bruke tid på å utarbeide og få opp eit nytt og annleis tilbod. Kapellan Gina Marie og soknerådsleiar Torill Vik Johannessen hadde jamlege møter med ungdommen for å kartleggje og planleggje korleis dette arbeidet kunne sjå ut.

Eigarskap

Hovudmålet bak arbeidet er at ungdom sjølv skal kjenne at dei høyrer til og ha eit eigarskap til konseptet. Med tilrettelegging frå oss vaksne, har ungdommane sjølv kome med forslag til namn, tidspunkt, logo, form, innhald og det som elles høyrer med til eit ungdomsarbeid. Forkynninga skal kapellane stå for. Allereie frå første planleggingsmøte kom 14 ungdommar, og det kom stadig nye til gjennom hausten. Oppstart for det nye ungdomsarbeidet Ung Tru var 18. januar 2025.

Kapellan Gina Marie Reisæter-Thu

Sakkeus open barnehage



Sakkeus har også dette året halde ope kvar måndag kl 9-15, med unntak av skuleferiane.

Besøket har vore jevnt godt, men påverka av sjukdomsbølger og dårleg ver.

Dagen i open barnehage består av sangstund, lunsj rundt langbord og god tid til leik, lesing og formingsaktivitet.

Dette året har det vore stor spreining i alder, barna har vore i alderen 0-6 år. Vi opplever at fleire ønskjer å ha barna sine heime. Nokre utset barnehagestarten til barna er 2-3 år, andre har dei heime til skulestart. Dette gjer kvardagen innhaldsrik og positivt utfordrande for oss som arbeidar her.

Her er litt av høgdepunkta dette året:

- I januar var tilsette i opne barnehagar på fagdag i regi av Bergen kommune. Tema var formidling og fleirspråklege barn. Barnehagane fekk og ei bokpakke kvar. Sakkeus var representert med 4 tilsette.
- Påska vart markert med karneval, fastelavensbollar og påskevandring i kyrkja med kateket og trusopplærar.

- I juni var Sakkeus-gjengen med på piknik i Nygårdsparken saman med dei andre opne barnehagane i Bergen og omegn. Det vart ein kjekk dag i vekselvis sol og pøsregn.

- Arna mållag laga til gratis kurs for barnehagetilsette, og Sakkeus fekk ei stor bokpakke med songbok og barnebøker på nynorsk.



- 4. november hadde vi Hallovenn-fest med utkledding, gratis lunsj og konsert med Neseviserne. *Bilde: frå konserten.*



- I adventstida var vi på julevandring i kyrkja, hadde juleverkstad og førjulsfest med graut, julekaker og gjekk rundt juletreet. Nissen kom med gåver, barna fekk kvar si bok med juleevangeliet.

Bilde: Julevandring, tenning av adventslys før siste etappe mot Betlehem

Elles har året vore prega av budsjettkutt og stadig meir uføreseielege ramer for dei opne barnehagane. Sjølv om Sakkeus kan klare seg ei stund er det avgjerande med stabile tilskot. Styrar var på møte med barnehage- og oppvekstbyråden, administrasjonen i barnehageavdelinga og møtte på deputasjonsmøte i oppvekstkomiteen. Nettverket for opne barnehagar (Nåbo) står saman i denne saka, og har og hatt møte med ulike politiske parti. Det positive i saka har vore at open barnehage har fått mykje merksemd og opplever brei støtte blant folk. Media viste og stor interesse for denne saka, som trass i iherdig innsats enda med budsjettkutt.

Sakkeus har samarbeidd med diakonitualet om Grautlørdag siste laurdag i månaden.

Sakkeus har brukt litt overskotsmidlar til å støtte Familiekoret, som samlar både familiar frå Sakkeus og mange andre annakvar tysdag.

Sakkeus bidrog økonomisk i legging av nytt golv og nye omnar i hovudetasjen i kyrkjelydshuset, dette gjorde det mykje betre å opphalde seg på golvet for både små og store.

Tilsette i 2024:

Benedikte Auglænd, fast assistent
Ailine Lingnau, assistent/vikar
Fatema Ahmad, assistent/vikar
Møyfrid Opheim, styrar/pedagogisk leiar

Møyfrid Opheim, styrar

Arna familiekor

Familiekoret starta i juni 2021, og har sidan det samla ein fin flokk annakvar tysdag. Barna kjem i følgje med vaksne, som er med heile tida. Alderen på barna dette året var 0-10 år.

Før korøvinga er det servering av pølser, saft og kaffi/te etter kvart som folk kjem. Denne halvtimen rundt bordet er viktig for mange, også dei vaksne.

Kl 17 samlast alle i ring rundt pianoet – ofte over 30 personar. Maskoten Sakkeus er alltid med. I velkomstsangen blir alle nevnt med namn, både Sakkeus og små og store. Vi syng kjente og litt nye songar. Bevegelsessong er kjekt for dei minste. Ofte må repertoaret justerast undervegs for å passe til dei som er der.



Foto: Kristin Hjertaker



11. februar 2024 var Familiekoret med på NRK-gudstenesta. Dette innebar ekstra øvingar, og det vart ein lang søndag for dei små - men veldig kjekt! Fellesskapet med frukost før gudstenesta og kyrkje-kaffien etterpå var og viktige faktorar denne dagen.

Foto: Gro Eman

26. oktober deltok Familiekoret med song på Grautlørtdag.

17. desember hadde koret juleavslutning med mini-konsert for foreldre, søsken og andre.

Fellesskapet i Familiekoret er det aller viktigaste, og det er godt å sjå gleda både barn og vaksne viser når dei møtest.

Leiarar dette året har vore

Olav Arne Steinkopf, Gro Eman, Julie J. Kristiansen,
Kari Secher og Møyfrid N. Opheim

Møyfrid Opheim

MUSIKALEN DU ER UNIK

Ytre Arna kulturhus
28. september kl. 19:00



Musikal

I år arrangerte Arna og Ytre Arna kyrkjelydar musikal. På evalueringa av julespelet snakke vi om ynskje å samle dei involverte til noko meir. Margreta Myklebust har bært på ein draum om å lage ein musikal av boka «Du er unik» av Max Lucado.

Tysdagar på vår- og haustsemesteret var det mykje aktivitet i kyrkjelydshuset. Øvingane byrja med eit felles måltid. Så gjekk alle til ulike grupper, alt frå drama, song, dans til kulisser.

Arna Soul Children frå Misjonskyrkja og Non Stop Singing frå Ytre Arna kyrkjelyd vart involvert, dei øvde på eiga hand.

I samband med Ytre Arna kyrkje sitt jubileum hadde vi ein storslått musikal på Kulturhuset Sentrum i Ytre Arna. Det var fullt hus og veldig god respons. Barna utrykte at det var trist at musikalen var slutt. Det var kanskje ikkje så rart for barn og ungdom hadde fått eit veldig fint samhald.

Julespel

Julespelet blei dessverre ikkje arrangert i år. Det var ikkje nok folk som kunne vere i hovudkomiteen. Eigarskapet må forankrast hos fleire. Våren 2025 skal vi jobbe for å lage ein komité som kan ta ansvar og gjerne vidareutvikle arrangementet.

Lyspark

Det vart lyspark også i år! Vi vart overraska då nokon stal lysa frå dromedar og krybbe.



Trusopplæring

Trusopplæringsutvalet

Består av Benedikte Auglænd, Torill Vik Johannesen, Vibeke Aaeng Mjelde, Ellinor Kvamen Lid, Cathrine Snipsøyr (kateket) og Gro Eman (kateket). Utvalet hadde to møter i 2024.

Med eit nytt utval har det gått tid til å sjå på arbeidet som vi allereie har, med eit ekstra fokus på skule- kyrkje samarbeid og «Etter skuletid».

Hausten 2025 skal me arrangere tverrkyrkjeleg møteveke/teltaksjon retta mot barnefamiljar. Då kjem Viggo Klausen med konseptet «Velkomen heim». Sondag 4. mai 2025 vert det fellesgudsteneste i Arna kyrkje kor Viggo kjem og visar og innspirerar til felles møteveke.

Babysang

Babysang er ein møteplass for dei som er heime med ein baby. Kvar torsdag føremiddag, gjennom skuleåret. Det var 47 «unike» born innom i løpet av 2024.



Ei samling inneheld blant anna namnesong, rim & regler, kveldsbøn og velsingane. Her får deltakarane møte kristne og «vanlege» barnesongar.

I år har det vore fokus på det sosiale. Alle velkomne anten dei syng eller ikkje. Etter sangstunda har det vore ei sosial stund med kaffi, te og frukt. For mange er dette ein svært viktig del av samlinga.

Vi har 8 frivilljuge som tar ansvar for serveringa, og ev. hjelper til med andre praktiske oppgåver etter som dei ynskjer. Det har vore veldig kjekt med det samarbeidet. Eg er så heldig at eg har med ei fast medarbeidar på kvar samling. Det er godt med ekstra ressursar for å kunne leggje til rette for best mogleg oppleving. Foreldra er godt nøgd med at det er mange som kjem og at det er sosialt.

Gro Eman, kateket

Tiltak

0 år/ Dåp

Soknepresten eller kapellanen har dåpssamtale med alle føresette busett i Arna. Dåpsborna får ei bokgåve; «Arvegull». På dåpsdagen får dei ein dåpsserviett frå Madagaskar og eit dåpslys med symbol.

2 år/ Krybbsamling

Krybbsamling i adventstida. Vi byrja med mat og hobby kl.16.30. 13 born kom i år.

Vi hadde ei kjekk stund rundt bordet og etterpå i kyrkja, der dei fekk høyre kva som hende den jula for om lag 2000 år sida.



3 år/ Krøllesamling

7 born i målgruppa fekk høyra om sauene som gjekk seg vill. Så ble det synging før dei fekk klappa eit levande lam. I kyrkja leita dei mellom kyrkjebenkane etter kvar sine tøylam. Til slutt fekk dei ein bok til å ta med heim.

Graut forma som ein sau med saltstenger til bein og rosiner til auge og øyrrar høyrrer også med.

4 år/ Fest på slottet

Gudsteneste for små og store i august, også 6 åringane vart invitert. 12 barn av totalt 63 døypte på det årskullet kom på Fest på slottet i år! I år var me inne på sjøve slottet. Under bønnevandringa fekk alle borna ei krona, det var også mogleg å ta bilete på kongestolen. Festen fortsette med kyrkjekaffi.

6 år/ Førsteklasses

Gudsteneste for små og store. Første helgen etter skulen har byrja markerer vi skulestart. 6-åringane kom og fekk si eiga barnebibel. Det var 11 som kom.

2. trinn/ Påsketreff

Var invitert til ei påskevandring i kyrkja. Etterpå var det påskeverkstad, bollar og kakao i kyrkja. 3 born kom.

3. trinn/ Tårnagentar

Tårnagent-helg: Borna var inviterte til å vera agent i år. 7 born kom, (2 påmeldte var sjuke og kom ikkje). Det ble ein spennande tur i kyrkjetårnet for alle.

4. trinn/ Heltar

Med utgangspunkt i Bibelen sin forteljing om David og Goliat har «Svindler med stil» (Ruben Gazki) sett saman eit magisk stunt-show med tematikken HELTAR. «Kva er ein helt, kven kan bli heltar og korleis? Kan DU vere ein kvardagshelt som hjelper andre?» 19 barn kom. Totalt var det 150 personar på arrangementet.

4.-6/7. trinn/ Etter skuletid

24 HOUR-festival og MEIR-festival er endra til eit kontinuerleg tiltak «Etter skuletid».

Målet er at 4-6 trinn skal 7 gonger få trusopplæring rett etter skulen. I staden for å gå heim til eit tomt hus og kanskje setta seg på skjerm, kan dei få kome til «ei varmestove» nær skulen. Der skal dei møte vaksne med tid til å sjå dei. Malen for dagen er mat, «aldri aleine»-samling, lekse for dei som ynskjer, frileik.

Det er mange vaksne med ledig tid på dagen som vil vere med. Det er verdifullt å skape eit fellesskap for leiarane, så vi startar alltid med prat og ein kaffikopp. Det er også eit mål å inkludere dei som kanskje ikkje går fast i kyrkje og bedehus. På Lone har vi prøvd ut prosjektet fleire gonger i samarbeid med Betania bedehus. Både born og vaksne har likt seg.

I år fekk vi endeleg starte opp på Garnes. Vi fekk bruke den nedlagte barnehagen til Kvinne- og familielaget på oppsida av skulen. Over 40 ulike born var innom ein eller fleire gonger. På Betania hadde vi over 30 barn på lista.

I mars 2025 startar vi på Ådnamarka. Det er eit samarbeid med Misjonskyrkja og skal vera i deira lokala, med unntak av ein samling i kyrkja.

6.-7. trinn/ Lys vaken

20 born kom. Ein fin gjeng som ble godt samansveisa. I tillegg var det 13 leiare i alderen 13-17 år. Det gjorde at det ble et flott miljø! Vi var 4 tilsette og det var 5 foreldre som var med og laget mat og var nattevakt. Oppmøte i kyrkja laurdag ettermiddag. Overnatting i kyrkja til søndag. Aktivitetar som mellom anna refleksjakt i kyrkja, gudstenesteverkstad, film og kveldssamling i alterringen. I år hadde vi arrangementet tidlegare på haustsemesteret enn før.

13 år/ Connection

13 åringane vert invitert til ein kveld på Ungdomsklubben. I år la vi denne samlinga våren. Tanken er at dei kan fortsetje i Ungdomsklubben etter denne samlinga. Det kom ein ungdom som kom fleire gonger, og tok med seg ei ven.

16-17 år/ Meininga med livet

Illusjonist og tryllekunstnar «Svindler med stil» (Ruben Gazki) har fylt dei største scener med underhaldning og humor, men også livsvisdom, positiv psykologi og praktiske «life hacks». I denne framsyninga fekk ungdomane lære kva som er løyndomen bak «det gode liv» og korleis du kan skape det livet du ynskjer for deg sjølv og dine! I Kulturdagane hadde vi eit ope arrangement kor konfirmantar, 16- og 17- åringar spesielt vart invitert. I etterkant var det sosialt i kyrkjestova. 2 av dei inviterte 16-17 åringane kom.

18 år/ Reunion

Dette vart også i år ein festkveld! Pizza og is med fontene og bursdagssong, gav ei fin ramme for markering av 18 åringane. Stemninga var god og mange gode gjensyn blant ungdomane. Dei som hadde skrevet brev til seg sjølv i konfirmanttida fekk det. Alle fekk gripekors og «brev frå Gud» med bibelsitat om deira verdi. 25 ungdomar kom.

Barn og unge

Samarbeid med barnehagar

I år har det vore songsamling for heile barnehagen på Neshaugane og dei minste i Ådnanipa barnehage (tidl. Arna kyrkjelyd sin bhg.). Kateket Gro brukar å vera der ein fredag i månaden. Omlag 8 gonger.

PÅSKEVANDRING

Før påske var det 9 barnehagegrupper som kom på påskevandring i Arna kyrkje.

JULEVANDRING

I desember 2024 gjennomførte vi 13 julevandringar i Arna kyrkje.

Samarbeid med skuler

2024 har vi ikkje hatt så mange møtepunkt. Kateketene var på besøk til 1. og 2. trinn på Lone skule i starten av desember. Vi hadde med oss utstyret til julevandring og «vandret» med omlag 70 born.

Garnes ungdomsskule hadde to skulegudstenester 4. desember. Lone skule hadde gudsteneste 12. desember.

Ungdomsklubben

Frå 8. klasse og oppover. Ungdomsklubben samlast annankvar tysdag (1. halvår) til enkel kveldsmat eller liknande, andakt, leik og spel.

Ole Didrik Garnes, Daniel Eman og Torill Johannessen

UT/ Ung Tru

På hausten skulle ungdomen sjølve finne eit tilbod som kunne vere arvtakar for Ungdomsklubben. Dei ynskte å samlast på laurdagskveldar med kiosk, spel, sosialt, samling i kyrkja med lovsong og forkyning. Kapellan Gina Marie leia prosessen fram til realiseringa av Ung Tru i januar 2025.

Skjærgårds LIVE Arna = Tverrkirkelig Arna

Skjærgårds LIVE Arna er eit lokallag av Skjærgårds LIVE. Det er eit tverrkirkjeleg lokallag som vart starta i samband 24 HOUR festivalen. Det er et fora kor kyrkjene og bedehusa i Arna samarbeider om arbeid for barn, unge og familiar i Arna. Namnet er no endra til **Tverrkirkelig Arna**.

Ungdomsleir

Etter at Ytre Arna kyrkje, Betania bedehus og vi i Arna kyrkje, arrangerte leir for ungdom juni 2023, var det tilbakemeldingar at dette måtte vi gjere fleire gonger. Dei kristne ungdomane i Arna går på ulike skular, ulike kyrkjer og kjenner ikkje kvarandre. Vi arrangerte ope hus med taco hos familien Myklebust for å bygge miljø og informere om sommarleir. Mange ungdomar kom. Sommarleir 2024 på Gullbotn var også suksess. Dei ynskjer meir leir!

Konfirmantar

UNDERVISNING

Vi har no ei prøveordning (over 3 år) kor konfirmanttida startar i januar og med konfirmasjon i september. Det var 79 konfirmantar som var fordelt i undervisningsgrupper med ca. 15 ungdommer i hver. Nokre gonger hadde vi fellessamling med alle konfirmantane. I juni kom Gino Bless med «Tør å si det», eit foredrag/ konsert om psykisk helse. Konfirmantane kunne velje mellom leir på Raknestunet, pilegrimstur til Hamrekyrkja eller KonfAction på Framnes.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON

Som i fjor, arrangerte vi basar til inntekt til Fasteaksjonen. Førsette var med i arrangementskomiteen. Konfirmantane solgte lodd bøker på førehand. På basardagen fekk alle forskjellige oppgåver. Det vart samla inn kr 64.100.



KONFIRMASJON

79 ble konfirmert i Arna i september 2024 fordelt på 6 gudstenester.

INFORMASJONSMØTE

I haust hadde vi informasjonsmøte i kyrkja. Mange konfirmantar og førsette kom, og av oss leiarar var Gina Marie, Gro og Cathrine med og delte på å fortelje om konfirmanttida. 95 meldte seg på til konfirmasjon i 2025.

TEAM konfirmant

Ansvarleg for opplegget sammen med Cathrine var: kateket Gro, kapellan Gina Marie og Kari.

Cathrine Snipsøyr, kateket

Kyrkjemusikalsk arbeid

Kantor leier songen og musikken i gudstenester, gravferder og vigslar. Kantor arrangerer/ deltek på konsertar, arrangerer salmekveldar og underviser i orgelspel. I tillegg er han med på gudsteneste for «Klubben» ein gong i månaden. Kantor er òg med på påske-/julevandring med barnehagane.

Kantor har prosjektkor og er dirigent for Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Kyrkjekoret deltek på gudstenester, konsertar og salmekveldar.

Nytt for 2024 er at kantor òg har hatt noko ansvar for Familiekoret.



Nedanfor er det lista opp ein oversikt over konsertar og liknande arrangement i Arna kyrkje i 2024.

| Type arrangement | dato | antall til stades | samarbeid | utleige |
|--|-------|-------------------|-----------|---------|
| Orgelresitasjon på langfredag | 29.03 | 43 | | |
| Opning av Kulturdagar i Arna/ Jazzkonsert | 20.04 | 125 | x | |
| Jazzmesse i samband med Kulturdagar | 21.04 | 122 | | |
| Konsert med Haukeland songlag og Trengereidkoret | 21.04 | 254 | x | |
| Show v/Svindler med stil x2 | 24.04 | 241 | | |
| Concert Romantique | 27.04 | 35 | | |
| Salmefest | 28.04 | 97 | | |
| Konsert/foredrag med Gino Bless | 20.06 | 67 | | |
| Konsert med Bøen/Fiskaaen duo og Håkon Nilsen | 17.11 | 25 | | x |
| Konsert med Kyrkjekoret, prosjektkor, profesjonelle musistar og solistar | 12.12 | 270 | | |
| Konsert med Arne Musikforening | 14.12 | 186 | x | |
| Konsert med Haukeland songlag | 15.12 | 195 | x | |

Det er eit svært variert gudstenesteliv i Arna. Kantor ynskjer at omgrepet «kvalitet» skal vere gjennomgåande uansett gudstenestetype.

I 2024 var det fire NRK-gudstenester – tre på våren og ei om hausten. Desse gudstenestene har krevd mykje ekstraarbeid. Likevel har det vore mange positive sider ved dette arbeidet. Det har skapt engasjement og gjeve eit ekstra påskudd til å engasjere og involvere fleire i gudstenestene. Dette gjeld både kor og andre medverkande.

Sundag 11. februar var det gudsteneste med Arna Soul Children og Thor Haavik. Sundag 17. mars var Haukeland songlag med på gudstenesta. Den 24. november deltok Kyrkjekoret saman med prosjektkor, der delar av «Visst skal våren kome» vart framført under gudstenesta.

Vi har fått svært mange positive tilbakemeldingar frå heile landet på NRK-gudstenestene frå Arna. Kringkastingsjefen sjølv nytta høvet i eit intervju til å løfte fram korsongen i gudstenesta frå Arna kyrkje 24. november.

Olav Arne Steinkopf, kantor

Arna- og Ytre Arna kyrkjekor



Styret

| | |
|------------------|--|
| Leiar | Alice Bjørnstad |
| Nestleiar | Kirsti Rolland |
| Kasserar | Marianne Fanebust (kyrkjekontoret, fører rekneskap for kora) |
| Skrivar | Ann Helen Heggstad Folkvord |
| Ansvar servering | Kirsti Rolland på våren, Kirsten Grøteide og Astrid Hagebø på hausten. |
| Styremedlemer | Julie Kristiansen og Jan Kåre Jakobsen |
| Valkomite | Per Bjarte Hjellum og Tor Nævdal |
| Dirigent | Kantor Olav Arne Steinkopf |

Program våren 2024

Deltaking på gudstenester:

- Ytre Arna kyrkje: 1 ordinær gudsteneste.
- Indre Arna kyrkje: 2 ordinære gudstenester, 1.påskedag og 1.pinsedag.
- Årsfest for Kyrkjesangforbundet med konsert i Johanneskirken.
- Fredskonsert
- Formiddagsmøte på Bedehuset i samband med Kulturdagane i Arna.
- Salmekveld i Arna kyrkje i samband med Kulturdagane i Arna.
- Årsmøte 08.02.2024. Leiar Alice Bjørnstad var på val, og tok attval.
- Det vart informert om «Stallgudstenester» for NRK det neste året.
- Antal ordinære øvingar: 16
- Avslutning med enkelt program og god mat

Program hausten 2024

- Deltaking på gudstenester:
- Ytre Arna kyrkje: Jubileumsgudsteneste i samband med kyrkja sitt 125 års jubileum
- Indre Arna kyrkje: 1 ordinasjonsgudsteneste, allehelgensmesse, NRK-gudsteneste med framføring av deler av «Visst skal våren komme», juledagsgudsteneste.
- Julekonsert/ Luciakonsert 12.desember
- Avslutning 13. desember.

Ant. aktive medlemmer i koret ved slutten av haustsemesteret: 19

Ann Helen Heggstad Folkvord, skrivar

Diakoniutvalet

Medlemmer

Erik Rodal, leder

Evelyn Nytun, sekretær

Lise Liland

Benedikte Auglænd (gikk ut som møtende medlem september)

Sokneprest Roar Moen, fra høsten 2024

Utvalget har 3 medlemmer ved siden av Roar Moen. Av de 3 er 2 representanter fra soknerådet.



Diakoniplanen

for Arna kyrkjelyd er en omfattende plan. Som diakoniplanen for Den norske kirke er den delt i 4 hovedpunkt:

1. Nestekjærlighet
2. Inkluderende fellesskap
3. Vern om skaperverket
4. Kamp for rettferdighet

Diakoniplanen har følgende visjon:

Guds kjærlighet til alle mennesker og alt det skapte virkeliggjort gjennom liv og tjeneste.

Grønn kyrkjelyd – Vern om skaperverket

Arna kyrkjelyd har vedtatt å være en grønn kyrkjelyd, et vedtak som planen selv omtaler som sovende. Utover det er det ingen tiltak under hovedpunkt 3 Vern om skaperverket. Diakoni-utvalget vedtok derfor å ha dette som et spesielt satsningsområde. Primært ved å legge til rette og oppmuntre til at Vern om skaperverket tenkes inn i annet arbeid i kyrkjelyden. Høsttakkefest ble nevnt som et mulig eksempel på dette. Og at diakoniutvalget istedenfor et eget temamøte høsten 2024 f.eks. kunne ha et "såkurs" for små og store på en Grautlørdag våren 2025.

Utover dette har Diakoniutvalget vært med på å arrangere minnegudstjenesten Allehelgenssøndag. Både den og kirkekaffen i Kyrkjestova var godt besøkt.

I 2024 var det arrangert 8 Grautlørdager. De er jamnt over godt besøkt, ikke minst av barnefamilier.

Erik Rodal



Ungdomsdiakon/ 13-20 samtaletilbod

Ungdomsdiakon i Arna deler sin stilling med Ytre Arna, 50% i kvart sokn. Samtaletilbodet 13-20 i Bergen, og i Arna, har i 2024 møtt mange ungdom til enkeltsamtaler, og i grupper gjennom konfirmantarbeidet og leir. Ungdomsdiakon har deltatt på konfirmantleir, enkelte andre konfirmantarrangement og ungdomsarrangement. Videre har ungdomsdiakon arbeidet med tilbodssetablering, tilbodsformidling og nettverksbygging, samt vore med å drive byomfattande sorggruppearbeid for barn og unge. Det er vanskeleg å skilja ut tal for Arna, men totalt har ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna gjennomført 120 enkeltsamtaler, i tillegg til oppfølging av foreldre og nettverk. I samtalen får ungdomane koma og snakke om det som ligg ein på hjartet, alt frå store utfordringar til det som berre er fint. Ungdomsdiakonane som jobbar i 13-20 ynskjer å vere vaksne med tid, og vi opplever stor takksam for at vi er det. Både frå ungdom og foreldre.

Foto frå arrangementet «Finn sammen for ungdommen» - i regi av Bergen kommune 2. desember 2024.

Maria Aasheim Grosås, ungdomsdiakon

Misjonsavtaler

Kyrkjelyden har avtale med NMS (Etiopia) og med Normisjon (Bangladesh). Det var to økumeniske misjonsgudstenester i Arna kyrkje med samling i kyrkjelydshuset etterpå. Fire offer ble samla inn til Etiopia, kr 13.035. Det var 4 offer til Normisjon, det kom inn kr 12.040.

Kirkens SOS i Bjørgvin

Arna kyrkjelyd er medeigar og støtter årleg økonomisk. Kirkens SOS er landets største kriseteneste. Menneske tek kontakt gjennom telefonsamtalar, SOS-chat og SOS meldingar heile døgeret. Det var 2 offer, kr 9.870.

Kirkens Nødhjelp

Det var 7 offer til Kirkens Nødhjelp, inkludert 3 på julaftan, til saman kr 55.498.

Strikkeprosjektet

Strikkeprosjektet engasjerer mange. Tepper, kuvøsegensarar, luer og sokkar i ull kom inn til born i Ukraina. Takk til alle som kjem til kyrkjekontoret med varme tepper og plagg!

Hjartebanken



Aktiviteten for 2024 var på om lag same nivå som 2023. Etter ein jamn auke i aktiviteten etter starten i 2013, har dei siste åra lege ganske stabilt slik tabellen viser.

| Årstal | 2013 | 2015 | 2018 | 2020 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---------|------|------|------|-------|------|-------|------|
| Timar | 9 | 237 | 821 | 352,5 | 447 | 375,5 | 372 |
| Oppdrag | 4 | 93 | 370 | 268 | 277 | 250 | 239 |

Tala gjeld registrerte (og rapporterte) tenester. Tid til møter og organisering av tenesta kjem i tillegg til tala ovanfor.

Medvandartenesta er nokre lågare i 2024 enn i 2023 (frå 126 timar i 2023 til 96 timar i 2024), mens etterspurnad etter følgje/skyss til butikk/lege m.m. har auka (frå 29,5 timar i 2023 til 55,5 timar i 2024)

Dei ulike **teneste/oppdrag** fordel seg på følgjande teneste:

- ✓ Besøksteneste/turven utgjer omlag 40 % (4 personar har besøkt 8 brukarar 81 gongar – brukt 149,5 timar)
- ✓ Medvandarteneste på Utløbakken utgjer omlag 25 % (kvar 14. dag, totalt 19 gongar, 96 timar, 6 medvandrarar)
- ✓ Kyrkjestyss utgjer om lag 15 % (6 personar har fordelt 48 skyssdagar mellom seg)
- ✓ Anna transport/følgje utgjer om lag 15 % (38 oppdrag – 55,5 timar)
- ✓ Anna praktisk arbeid (hagearbeid m.m. har utgjort om lag 5 % (11 oppdrag på totalt 23 timar)

Vi har hatt 21 (20 i 2023) **brukarar av tenesta**. I tillegg kjem brukarane av medvandrar-tenesta på Utløbakken.

Av dei 37 **innskytarane** vi har på lista vår har 19 vore aktive i år (20 i 2023).

I år arrangerte vi tradisjonen tro inspirasjonssamling/treff for innskytarane. Mange (over 20 personar) fekk bl.a. høyre ungdomsdiakonen vår Maria Aasheim Grosås fortelje om arbeidet sitt. Jan Kåre Jakobsen hadde og ein omvising i kyrkja vår.

Hjartebank-komiteen har hatt 3 møte i 2024.

Komiteen vil rette ein stor takk til alle som gjer innsats for Hjartebanken!

«Der barmhjertighet og kjærlighet bor, der er også Gud», Taize. Norsk salmebok nr. 680.

Roar Moen (s)

Leif Grøteide (s)

Evelyn Haldorsen (s)

Jostein Monstad (s)

Stig Stordal (s)

Klubben

Klubben møtes i kyrkjelydshuset hver onsdag kl. 17.30 - 19.30. Mellom 12 og 20 brukere møter hver gang, noen i følge med støttekontakt eller personale fra bofelleskap.

På klubbkveldene er det aktiviteter som puslespill, brettspill, bingo eller formingsaktiviteter.



Måltidet er en viktig del av klubbkvelden. De frivillige på kjøkkenet er viktige medarbeidere. Noen av klubbmedlemmene liker å være med på kjøkkenet. Det å lage mat sammen gir en fin anledning til en pratetund, som de fleste setter pris på. Vi har begynt å kun ha påsmurte skiver for å holde det enkelt og fordi det er mye bedre likt enn supper vi har pleid å ha. Vi har noe litt mer spesielt på dagene det er gudstjeneste, som f.eks. vafler.

En onsdag i måneden er det klubbgudstjeneste. Prestene Ingvar Fløysvik og Gina Marie Reisæter-Thu og har hatt disse sammen med kantor Olav Arne Steinkopf. Gudstjenesten har egen tilpasset liturgi og faste salmer, noe som gir forutsigbarhet og trygghet.

På julefesten kom det rundt 100 personer. Vi serverte pølser, julekaker og brus. Vi var for få medarbeidere på kjøkkenet og generelt til stede til juletreffet.

I februar inviterte vi til karneval, med kostymer en kunne låne eller ha med selv. Det var også ansiktsmaling. De fleste lånte kostymer, men mange kom kledd ut som cowboy. Ca. 5 ville ha ansiktsmaling. Det var en stor suksess og alle ble med på å ta på kostymer.

I mai arrangerte Klubben Kulturkafé under Kulturdagene i Arna. Haus musikklag og Seniordansen underholdt, og det var kafé med vafler, kaffi og brus.

Det har vært gjort arbeid med oppmøtet fra bofelleskap, med personlig oppmøte av Sigurd Opheim og Erik Rodal. Vi ser et stigende oppmøte mot slutten av året.

Styret for Klubben består av: Hans Martin Svarstad Frida Alva Runge og Erik Rodal.

Frida Alva Runge, klubbleder

Arna sokneråd 2023-2027

| | |
|--------------------------------|-------------------------------|
| Faste medlemmer | |
| Ingmar Ljones | |
| Kristin Haukaas | nestleiar, (fritak frå sept.) |
| Torill Vik Johannessen | leiar, arbeidsutval |
| Kari Secher | arbeidsutval |
| Hans Martin Svarstad | |
| Gunnlaug Almelid Tvilde | |
| Ann Helen Heggstad Folkvord | |
| Marlyn Hop | |
| Sokneprest (prosten var vikar) | arbeidsutval |
| Varamedlemmer | |
| Erik Rodal | 1. vara |
| Evelyn Anna Larsen Nytun | |
| Arild Sundland Dale | |
| Møyfrid Naterstad Opheim | |
| Roald Zinke | fritak |

Bergen kirkelige fellestråd

er samansett av representantar frå alle sokneråda i Bergen kommune. Kari Secher er soknerådet sin representant i perioden 2024-2027. Hans Martin Svarstad er vararepresentant.

Tilsette

| | | |
|-------------------------|---|-------|
| Cathrine Snipsøy | kateket | 100 % |
| Olav Arne Steinkopf | kantor | 100 % |
| Monica Ohr | kyrkjetenar, Arna og Ytre Arna | 100 % |
| Kristin Hjertaker | Sokneprest, (til mars) | 100 % |
| Roar Moen | sokneprest, (frå sept.) | 100 % |
| Ingvar Fløysvik | sokneprest, Ytre Arna | 100 % |
| Gina Marie Reisæter-Thu | kapellan | 100 % |
| Maria Aasheim Grosås | ungdomsdiakon, Arna og Ytre Arna | 100 % |
| Gro Eman | kateket | 80 % |
| Marianne W. Fanebust | dagleg leiar, Arna og Ytre Arna | 100 % |
| Møyfrid N. Opheim | styrar, Sakkeus open bhg. | 25 % |
| Benedikte Auglænd | assistent, Sakkeus open bhg. | 20 % |
| Jørn Skauge | organist Ytre Arna. Gravferd tysdag, andakt/GT Arna helseheim | |
| Frida Alva Runge | leiar i Klubben | |
| Karina Opheim | kyrkjetenar, deltid, 1.halvår | |
| Marius V. Næss | kyrkjetenar, deltid | |
| Jorunn Haukås | kyrkjetenar, deltid | |
| Ole Didrik Garnes | leiar i Ungdomsklubben, 1. halvår | |
| Daniel Eman | leiar i Ungdomsklubben, 1. halvår | |

Aktivitetar, nemnder, styre og utval

BARN, UNGE OG FAMILIAR

- Babysang
- Trusopplæringsutval
- Trusopplæringstiltak 0-18 år
- Sakkeus open barnehage
- Familiekolet
- Ungdomsklubben
- Barnehage-/ skulesamarbeid

GUDSTENESTELIV

- Gudstenestemedaridarar, grupper
- Forsongarar
- Livsnære grupper
- Kyrkjekaffi-grupper
- Bønenemnd
- Gudstenester med Klubben
- Gudstenester/ andakter på Arna helseheim
- Andakter på Arna seniorsenter og Utløbakken miljøstove

DIAKONI

- Diakoniutval
- Hjartebanken
- Grautlørdag
- Open kyrkje, ons. kl.17-19
- Minnegudsteneste, Allehelgensdag
- Klubben, styret og kjøkkengjeng
- Temakveld
- Arna seniorsenter, repr. i styret, inkl. leiar
- Strikkekafé - siste tor. kvar månad
- 50-årskonfirmantar: invitert til gudsteneste og samling

MUSIKK

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Temagudstenester; forsongarar og band
- Musikarar på gudstenester
- Samarbeid med Haukeland songlag og Arne Musikforening
- Prosjektkor
- Orgel-elevar

SOKNERÅD

- Arbeidsutval
- Årsmøte
- Strategisamling for sokneråd og stab
- Fellesrådet; representant + vara
- NMS misjonsavtale, *(NMS-kontakt)*
- Normisjon misjonsavtale
- Offernemnd
- Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon
- *(Kirkens Nødhjelp-kontakt)*
- *(Kirkens SOS Bjørgvin-kontakt)*
- *(Bibelselskapet-kontakt)*

KYRKJELYDSHUS

- Husutval
- Dugnadsgjeng - vedlikehald inne og ute
- Dugnadsgjeng - minnesamvær
- Dugnadsgjeng - Kirkeringer
- Vaktmeisteroppgåver
- Basarkomit 
- Utleige

Kommunikasjon

Kyrkjebladet

I 2024 har me halde fram med eit eige blad for Ytre Arna og Arna sokn. Bladet kom ut i tre nummer, eit til p ske, eit etter sommaren og eit i november. Alle nummera hadde 16 sider. Bladet har hatt eit opplag p  5700, av dei 4400 i Arna og 1300 i Ytre Arna. Ruth Sofie Steinsland er konsulent med ansvar for formgjevinga av bladet. Gode sponsorar dekt ein stor del av utgiftene til bladet dette  ret. Bladet vert distribuert fysisk til alle husstandar i dei to sokna og er dessutan   finna p  Ytre Arna sokn si nettside.

Redakt r for bladet har vore M yfrid N. Opheim. Elles har redaksjonen vore: Kristin Hauk s (1. halv r) og Erik Rodal fr  Arna og Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Hauk s og Ingvar Fl ysvik fr  Ytre Arna. Redaksjonen har hatt m te f r kvar utgjeving. I tillegg har redaksjonsnemndene for dei to sokna m tst kvar for seg n r det har vore trong for det.

Ingvar Fl ysvik, redaksjonsleiar

Mottak og distribusjon

Kari Secher og Hans Martin Svarstad tel blada til dei om lag 30 bladboda. Nesten alle husstandar i Arna f r Kyrkjebladet heim i postkassa.



Nytt golvbelegg

Arna kyrkjelydshus

Husutvalet

| | |
|---------------------|--|
| Leiar | Ingmar Ljones (også medlem i soknerådet) |
| Nestleiar, sekretær | Ann Helen Heggstad Folkvord (også medlem i soknerådet) |
| Medlem | Kristin Haukaas (også medlem i soknerådet)(permisjon) |
| Medlem | Bjarte Abildgaard |
| Medlem | Steffen Mjelde |
| 1.varamedlem | Jan Kåre Jakobsen |
| 2.varamedlem | Harald Haugsvær |

Husutvalet har i 2024 hatt 9 møte og behandla 59 saker. I tillegg har det vore ein del møte og drøftingar i tilknytning til ulike samkomer, dugnader og andre oppgåver.

Husutvalet er spesielt oppteken av at kyrkjelydshuset vert godt vedlikehalde, er tenleg for dei mange ulike brukargruppene, at kyrkjelyden sine behov for tenlege lokale har første prioritet, og at økonomien er så god at det kan utførast både planlagt og uføresett vedlikehald og eventuell ombygging.

Dersom det kjem inn om lag 100.000 kroner på basaren slik som tidlegare år, leigeinntektene vert om lag dei same som i dag, mange frivillige personar som stiller opp i minnesamvær med oppsetting av bord, kjøkken- teneste, borddekking, servering, oppvask og rydding mm, og det vert nok folk på dugnad, kan me rekna med at det vert god drift av kyrkjelydshuset også i komande år.

Av arbeid som vart utført i 2024 kan nemnast:

*I haustferien vart det gamle golvbelegget fjerna i hovudetasjen, og det vart lagt nytt golvbelegg i gangen, salongen, hovudsalen (bilete), og undervisningsrommet. Dugnad både før, under og etterpå gav ein bra prisreduksjon.

*Dei gamle omnane i hovudetasjen var ikkje godkjende for bruk i open barnehage, og det måtte difor kjøpast inn nye omnar. Steffen Mjelde og Bjarte Abildgaard monterte dei nye omnane på dugnad.

*Tilkomst for rullestol i hovudinngangen var ikkje i samsvar med dagens krav. Dette vart utbetra på dugnad.

*Det var planlagt ein del malararbeid på bordkledning mv. Det vart gjort litt malararbeid i mai, men arbeid som skulle vore utført i løpet av sommaren, måtte utsetjast pga. dårleg vær.

*Diverse utstyr til kjøkkenet er kjøpt inn.

*AKASIA har ansvar for dagleg reinhald, og vaskar kvar morgon (måndag - fredag) heile året bortsett frå i juli.

*Hovudreingjering inklusiv vask av vindaugo vart utført på dugnad etter legginga av nytt golvbelegg.

*All ljusstoffarmatur vart skifta i 2023, bortsett frå ljøs i salongen og undervisningsrommet. Husutvalet arbeider med å finna godkjent armatur som kan monterast i dei eksisterande utsparingane i taket.

*Alt sløkkeutstyr er kontrollert av BSV Fire Protection & Safety og Frøland & Noss kontroll på brannsentralen, detektorar mm.

Arbeidet med å få engasjert «vaktmeister» (ev. 2 med kvar si vaktveke) som kunne få honorar etter nærare avtale, har diverre ikkje lukkast. Leiar i husutvalet, dagleg leiar og andre styremedlemmer deler difor på «vaktmeisteroppgåver» pr. i dag.

Dei faste største leigetakarane er: Bergen kirkelige fellesråd (kyrkjekontoret), Arna Seniorsenter (tys. og tor.), Sakkeus open barnehage (mån.) og Arna Seniordans (ons).

Oversyn arrangement og brukarar av huset:

Kvar/ annankvar veke: Arna Seniorsenter, Sakkeus open barnehage, Babysang, Klubben, Seniordans, Kyrkjekor/Prosjektkor, Familiekor, konfirmantundervisning, mv.

Møter i ulike råd og utval: soknerådet, arbeidsutvalet, husutvalet, diakoniutval, styret i Hjartebanken, Misjonsforeining, bibeltimar/smågrupper, komitémøter, Kyrkjeringane, mv.

Arrangement: Grøtlørdag, kyrkjekaffi, misjonsdagar, Fasteaksjonsbasar, basar for huset, julefestar, Temakveld, middag 50-årskonfirmantar, ordinasjonskyrkjekaffi, ...
Trusopplæring: Tårnagentar, Lys vaken, musikalførebuing, mv.

Eksterne leigetakarar: konfirmasjonsfest, dåpsfest, minnesamvære, årsmålsdag, mv.

Årsmelding vedteken i møte i husutvalet 4. mars 2025.

Ingmar Ljones, leiar

Ann Helen Heggstad Folkvord, nestleiar og sekretær

Bygg

Arna kyrkje, Kyrkjestova, Takvam kapell

Bergen kirkelige fellesråd er ansvarleg for drift og vedlikehald. Driftsteknikar frå Akasia, Bjarte Husa, gjer ein framifrå jobb. Akasia Renhold AS vaskar kyrkje og kyrkjelydshus.

Arna kyrkjelydshus

Bkf leigar kontorfløyen og publikumstoletta i sokkeletasjen av kyrkjelyden.

Borgstova


Gravplassmyndighetene i Bergen står for drift og vedlikehald. Gravplassarbeidarane har spiserom i 1. etasje. Arna gravferdsbyrå leiger nokre rom i 1. etasje.

Sakkeus-parken

Leikeplass knytt til Sakkeus open barnehage. Mykje brukt av barnehagane i nærområdet. Open for alle!

Gravplassane

Arna kyrkjegard, Mjeldheim gravplass, Takvam kyrkjegard.



Statistikk

Arna sokn

Talet på medlemmer

| | |
|-----------|---------------------------------|
| 0-100+ år | 7451 (7545) medlemmer, (68,9 %) |
| | (10951, befolkning) |
| 0-18 år | 1419 (1462) medlemmer |

Innmeldingar 4 (8)

Utmeldingar 31 (42)

Tal i parentes er frå 2023.

| Arna sokn | 2014 | 2016 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|-------------|------|------|------|------|-------|-------|-------|-------|
| døyppte | 87 | 59 | 83 | 60 | 59 | 66 | 65 | 57 |
| konfirmerte | 101 | 80 | 79 | 93 | 84 | 81 | 98 | 78 |
| vigsel | 5 | 10 | 7 | 5 | 8 | 12 | 7 | 9 |
| Gravferd* | 70 | 73 | 90 | 88 | 67+12 | 83+14 | 96+17 | 92+14 |

*Gravferd: +tall er gravferd frå andre sokn, med seremoni i Arna kyrkje.

Økonomi

Rekneskapsførsel og revisjon

Arna sokn sin rekneskapsførsel ivareta av Bergen kirkelige fellesråd ved Aider AS. Revisor er Deloitte AS. Dagleg leiar har ansvar for økonomistyring, offerhandsaming, handtering av bilag, givarteneste, innkjøp, samt å leggje fram økonomiske rapportar og årsrekneskap for soknerådet. Arna sokneråd godkjenner årleg budsjett for Arna sokn. Det er Arna sokneråd sin vurdering at årsrekneskapen syner eit korrekt bilete av resultat og stilling per 31. desember 2024. Driftsrekneskapen vart oppgjort med eit netto driftsresultat med eit mindreforbruk på kr 725.544. Fastsettinga av årets meir- og mindreforbruk vert vedteke av soknerådet.

Framstilling i høve likestilling og diskrimineringslovgivinga

Arna sokn

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i styrande organ vert avgjort gjennom demokratiske val. Dei 8 medlemmene i Arna sokneråd vert valde av medlemene i soknet kvart 4. år. For 2024 var fordelinga av dei faste folkevalde medlemene i rådet 3 kvinner og 5 menn.

Likestillingstiltak

Dei fleste som arbeider i Arna kyrkjelyd er tilsett hos Bergen kirkelige fellesråd eller Bjørgvin bispedøme. Som arbeidsgivarar har organisasjonane aktive strategiar for å unngå diskriminering og kan setje i verk tiltak om nødvendig. Arna sokn har nokre få tilsette i små engasjement/stillingar, og soknerådet har samarbeidsavtale med fellesrådet om det formelle arbeidsgjevaransvaret og lønnsutbetaling for nokre av desse.

Avgrensingar

Arna sokn har inga avgrensingar når det gjeld tilgang til egne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eit eller fleire diskrimineringsgrunnlag. Det er heller ikkje segregerte, herunder kjønnsdelte, aktivitetar eller tilbod.

Tilgang for menneske med funksjonsnedsetting med tanke på universell utforming av bygg: Det er teleslynge for dei med nedsett høyrsel i kyrkjerom og kyrkjelydshus. Det manglar m.a. leie-liner for synshemma til kyrkjedøra. Med trinnfri tilkomst til kyrkjerommet, er det lett for rørsle-hemma å komme inn. Opp trappa i koret er det lause skinner som ikkje fungerer godt nok. Det finnes HC-toalett i begge etasjar i kyrkjelydshuset. Arna kyrkjelyd har eit tilrettelagte tilbod til menneske med funksjonsutfordringar, det er Klubben som samlast kvar onsdag.